

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**MØTEINNKALLING**

Dato: måndag 11. november 2024
Tid: kl. 14.00
Sted: Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert

Saksliste:

25/24 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.09.24

26/24 Orientering om «Utvikling» v/kommunalsjef

27/24 Bestilling av revisjonsprosjekt – «Tildeling av helse- og omsorgstjenester»

28/24 Møteplan for 2025

29/24 Referat- og orienteringssaker

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 04.11.24

Kjartan Moe Hustvedt
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (er invitert)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	11.11.24	25/24
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.09.24**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 09.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå møtet 09.09.24

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.09.24 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og førebels godkjent av leiar i etterkant av møtet. Den er sendt medlemmane og kommunen slik han ligg føre.

Protokollen blir formelt godkjent i dette møtet.

Aksdal, 04.11.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **9. september 2024** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Kjartan Moe Hustvedt.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 14.00 – 16.00
MØTANDE MEDLEMMER:	Kjartan Moe Hustvedt (MDG), Ole Johan Sveen (TvF), Per S. Wathne (Krf), Marit Elise Lier (Ap) og Andreas Bårtvedt (H)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL/IKKJE INNKALLA:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Stats. aut. revisor Therese S. Bjørkeland
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre Kommunalsjef skule, barnehage og kultur Elisabeth Nygaard i sak 18
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA

SAK 17/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 17.06.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 17.06.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 17.06.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 18/24 ORIENTERING OM «SKULE, BARNEHAGE OG KULTUR»**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef for skule, barnehage og kultur Elisabeth Nygaard si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Kommunalsjef for skule, barnehage og kultur Elisabeth Nygaard viste ein presentasjon og orienterte om sitt ansvarsområde. Ho gjorde greie for ulike tilbod innafor kultursektoren. Mykje av aktiviteten skjer på Vigdartun kultursenter, men det er også ulike tilbod og prosjekt andre stadar i kommunen.

Drifta av barnehage og skule er strengt regulert av lovar og forskrifter. Kommunen har 260 barn i tri kommunale og tri private barnehagar.

Det er 769 elevar i skulen, som er fordelt på fire skular, eit oppvekstsenter og vaksenopplæring. 30 elevar går på private skular i nabokommunar, som blir betalt av Sveio kommune.

Kommunalsjefen gjorde også greie for ulike utviklingstiltak og planar for framtida. Ho svara på spørsmål frå medlemmene om mellom anna tverrkommunal tilsynsordning for barnehagar, kostnader for skuleplassar i nabokommunar, bemanning hos PPT og kva frivillige organisasjonar kunne bidra meir med.

Leiar takk for ein djuptgåande og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef for skule, barnehage og kultur Elisabeth Nygaard si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 19/24 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre/med desse endringane

Og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyret vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Sveio kommunestyret gir kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Leiar innleia og utvalet drøfta framlegget til plan. Medlemmene og rådmannen kommenterte fleire av prosjekta som var foreslått som prioriterte prosjekt.

Utvalet blei samd om å fjerne inndeling i to grupper, slik at det blei ei liste for forvaltningsrevisjon og ei liste for eigarskapskontroll.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 med desse endringane: inndeling av prosjekt i grupper blir fjerna, slik at det blir ei samla prioriteringsliste.

Og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyret vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 slik den ligg føre.

Sveio kommunestyret gir kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

SAK 20/24 VAL AV NYTT REVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om til neste møte.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Utvalet drøfta kva for prosjekt dei skulle velja no og blei samd om å velje «Tildeling av omsorgstenester». Dette var eit av dei prioriterte prosjekta i den nye planen. Revisor blei bedt om å utarbeide eit prosjektmandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Tildeling av omsorgstenester» til neste møte.

SAK 21/24 BUDSJETTFRAMLEGG 2025 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2025 med ein totalramme på kr 1 380 000,- eks mva fordelt på følgjande:

Kontroll- og kvalitetsutvalet	kr	101 000
Kjøp av sekretariatsteneste	kr	259 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr	1 020 000

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Utvalet hadde ingen merknadar og slutta seg til budsjettframlegget.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24 og innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2025 med ein totalramme på kr 1 380 000,- eks mva fordelt på følgjande:

<i>Kontroll- og kvalitetsutvalet</i>	<i>kr</i>	<i>101 000</i>
<i>Kjøp av sekretariatsteneste</i>	<i>kr</i>	<i>259 000</i>
<i>Kjøp av revisjonsteneste</i>	<i>kr</i>	<i>1 020 000</i>

SAK 22/24 REVISOR SI EIGENERKLÆRING FOR 2024**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Revisor viste til dei skriftlege erklæringane. Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar dei framlagde eigenerklæringane, dagsett 25.06.24, frå Rogaland Revisjon IKS til orientering.

SAK 23/24 ORIENTERING OM REVISJONSSTRATEGI OG FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL FOR 2024**Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Revisor viste ein presentasjon og orienterte om revisjonsstrategien. Ho forklarte mellom anna om vesentlegheitsgrenser, risikovurderingar, planlagde angrepsvinklar og om forenkla etterlevingskontroll. Revisor svara på spørsmål frå medlemmene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar revisor sin gjennomgang om revisjonsstrategi og plan for forenkla etterlevingskontrollen for revisjonsåret 2024 til orientering.

SAK 24/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 17. Statusrapport pr. september 2024
- 18. Tertialrapport frå Rogaland Revisjon IKS
- 19. Protokoll frå årsmøtet i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 04.06.24
- 20. Reglement for Sveio kontrollutval
- 21. Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget – veileder frå FKT

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09..24:

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 09.09.24:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 17 – 21 til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: måndag 11.11.24, kl. 14.00

Saker: orientering frå administrasjonen om utvikling, bestilling av nytt revisjonsprosjekt og møteplan for 2025.

Sveio/Aksdal, 09.09.24

Kjartan Moe Hustvedt
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	11.11.24	26/24
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		216

ORIENTERING OM «UTVIKLING» V/KOMMUNALSJEF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek kommunalsjef for utvikling si utgreiing om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Kontroll- og kvalitetsutvalet vedtok i møtet 05.02.24 ein plan for orienteringar om støtte- og resultateiningane i kommunen. Vedtaket var følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek følgjande plan for orienteringar frå administrasjonen:

06.05.24	administrasjonen v/rådmann
09.09.24	skule, barnehage og kultur v/kommunalsjef
11.11.24	utvikling v/kommunalsjef
1. møte 2025	helse og omsorg v/kommunalsjef
2. møte 2025	økonomiavd. v/økonomisjef
3. møte 2025	personalavd. v/personalsjef
4. møte 2025	IKT-avdelinga

Tidsramma vert sett til 30 min. inkludert spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjend med drifta av kommunen og dei utfordringar administrasjonen står over for. Sekretariatet har sendt planen/invitasjonen til rådmannen.

Aksdal, 04.11.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	11.11.24	27/24
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

BESTILLING AV REVISJONSPROSJEKT – «TILDELING AV HELSE- OG OMSORGSTJENESTER»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Tildeling av helse- og omsorgstjenester» frå Rogaland Revisjon i tråd med prosjektmandatet av 07.10.24.

Ramma for prosjektet blir sett til 240 timar.

Vedlegg: «Tildeling av helse- og omsorgstjenester» - prosjektmandat av 07.10.24

Bakgrunn

Ifølge forskrift om kontrollutval og revisjon skal kommunen jamleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll i samsvar med gjeldande lover og reglar. Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2024-2028 blei vedteken av kommunestyret hausten 2024.

Saksorientering

I møtet 09.09.24 gjorde utvalet følgjande vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber Rogaland Revisjon om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt om «Tildeling av omsorgstjenester» til neste møte.

Rogaland revisjon har utarbeida vedlagde prosjektmandat og har skissert følgjande føremål og problemstillingar:

Formålet med prosjektet er å undersøke hvordan Sveio kommune arbeider med tildeling av helse- og omsorgstjenester, med særlig fokus på tildeling av institusjons- eller hjemmetjenester.

Problemstillingar:

I hvilken grad sikrer tildelingskontoret en rettferdig og effektiv fordeling av helse- og omsorgstjenester?

- *Hvordan samarbeider tildelingskontoret med andre etater ifm. tjenestetildelingen, for eksempel hjemmetjenesten, sykehjemmet og fastleger?*

- o *I hvilken grad fremgår begrunnelse og omfang i enkeltvedtaket, slik regelverket forutsetter?*
- o *Hvordan blir vedtakene fulgt opp?*

Prosjektleder vil vera Frode K. Gøthesen, og Svein Kvalvåg vil vera kvalitetssikrar.

Ressursbruk

Revisjonen har lagt opp til at dei vil bruka 240 timar på å gjennomføra prosjektet. Det inkluderer førebuing og utarbeiding av prosjektmandat, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse, utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

Revisjonen vil starte opp med prosjektet våren 2025, og levere rapport innan utgangen av 2025.

Budsjettert ramme for forvaltningsrevisjon er 250 timer i år og det er lagt inn 250 timar i framlegget til budsjett for neste år. Dette vil dekke kostnadane til eit prosjekt i året.

Kommunestyret har gitt utvalet ei ekstra løyving i år til prosjektet om «Plan og byggesak». I følge tertialrapport frå Rogaland Revisjon er det nytta 172 timar av totalt 500 timar så langt i år.

Kontrollutvalet må ved bestilling vurdere om dei foreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønsker å oppnå med prosjektet. Utvalet kan komme med eigne innspel eller presiseringar i møtet.

Aksdal, 04.11.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Tildeling av helse- og omsorgstjenester

Sveio kommune, 2024

BAKGRUNN

Kontrollutvalget i Sveio kommune bestilte i møte 09.09.2024 et forslag til mandat for forvaltningsrevisjon, hvor temaet er kommunens tildeling av helse- og omsorgstjenester. I forrige forvaltningsrevisjonsrapport var temaet hvordan Sveio kommune jobber for at brukerne skal kunne bo lengst mulig hjemme, i tråd med kvalitetsreformen Leve hele livet.

I denne forvaltningsrevisjonen vil vi undersøke praksisen ved kommunens tildelingskontor. I Sveio kommune er tildeling av helse- og omsorgstjenester lagt til Tjenestekontoret. Tjenester som tildeles er blant annet kort- eller langtidsopphold i institusjon, praktisk bistand, hjemmetjeneste, matombringing, trygghetsalarm, dagsenter mm.

I denne forvaltningsrevisjonen vil vi gå nærmere inn på hvordan tildelingskontoret vurderer og prioriterer ulike søknader, og hvilke kriterier som legges til grunn for tildeling av tjenester. Vi vil forsøke å danne oss et bilde av hvordan ressursene fordeles mellom ulike tjenester og brukergrupper, og således bidra til å identifisere områder hvor det kan være behov for økt eller redusert ressursbruk.

En undersøkelse av praksisen ved et kommunalt tildelingskontor kan med andre ord bidra til å sikre at kommunens helse- og omsorgstjenester er effektive, rettferdige og tilpasset innbyggernes behov. Ved å identifisere styrker og svakheter i den eksisterende praksisen kan kommunen iverksette tiltak for å forbedre tjenestene og sikre at ressursene utnyttes på best mulig måte.

Fram til 2015 opplevde Sveio kommune en sterk vekst i folketallet, noe som gjør at kommunen fortsatt har en relativt ung befolkning¹. I årene som kommer vil dette endre seg. Antallet eldre vil øke, og da særlig i aldersgruppen 80-89 år. Dette vil sette den kommunale økonomien under press og kreve en strengere prioritering av hvilke helse- og

¹ Kilde: Folkehelseoversikt for Sveio kommune 2023

omsorgstjenester som skal tildeles. Samtidig vil det alltid være en risiko for en forverring av pasientens helsetilstand dersom kommunen ikke evner å tildele rett tjeneste til rett tid.

OPPDRAGET

<u>Bestilling:</u> Kontrollutvalget i Sveio kommune bestilte i møte 09.09.2024 et forslag til mandat for forvaltningsrevisjon av kommunens tildeling av helse- og omsorgstjenester.	<u>Problemstillinger:</u> • I hvilken grad sikrer tildelingskontoret en rettferdig og effektiv fordeling av helse- og omsorgstjenester? ○ Hvordan samarbeider tildelingskontoret med andre etater ifm. tjenestetildelingen, for eksempel hjemmetjenesten, sykehjemmet og fastleger? ○ I hvilken grad fremgår begrunnelse og omfang i enkeltvedtaket, slik regelverket forutsetter? ○ Hvordan blir vedtakene fulgt opp?
<u>Formål:</u> Formålet med prosjektet er å undersøke hvordan Sveio kommune arbeider med tildeling av helse- og omsorgstjenester, med særlig fokus på tildeling av institusjons- eller hjemmetjenester.	

Dersom datamaterialet tilsier det, kan revisor foreta mindre justeringer av problemstillingene underveis. Større endringer i problemstillingene må avklares med kontrollutvalget.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er elementer som inneholder krav eller forventninger, og vil bli brukt til å vurdere funn i de undersøkelser som gjennomføres. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området. I dette prosjektet legges følgende kilder til grunn for utvikling av revisjonskriterier:

- Kommunens egne føringer
- Helse- og omsorgstjenesteloven.
- Pasient- og brukerrettighetsloven.
- Psykisk helsevernloven.
- Forvaltningsloven
- Sammenlikninger med andre kommuner

Prosjektet og problemstillingene har dels en undersøkende tilnærming. Enkelte av problemstillingene er også beskrivende (deskriptive), hvilket innebærer at det ikke vil være

revisjonskriterier å vurdere datainnsamlingen mot. Det tas fortløpende stilling til om andre revisjons- eller vurderingskriterium er aktuelle å inkludere i prosjektet.

AVGRENSNING OG METODE

Datakildene vil bestå av tilgjengelig dokumentasjon, statistikk og tall, supplert med intervjuer. Dette er tall fra KOSTRA/ Framsikt eller andre tilgjengelige tall som rapporteres til staten. Relevant dokumentasjon er årsmeldinger, handlings- og økonomiplaner eller annet. I prosjektet vil vi foreta intervjuer med ansatte som er involvert i arbeidet med tildeling av tjenester. Det vil også være aktuelt å gjennomføre en dokumentanalyse av et tilfeldig utvalg vedtak om tildeling av helse- og omsorgstjenester.

FREMDRIFTSPLAN

- *Forberedelser og oppstart – våren 2025*
- *Avslutning – høsten 2025*

Framdriftsplanen forutsetter et tett samarbeid med kommunen og andre aktuelle parter.

PROSJEKTTEAM OG OMFANG

Prosjektleder: Frode K. Gøthesen, forvaltningsrevisor
Kvalitetssikrer: Svein Kvalvåg, Oppdragsansvarlig

Ved behov kan også andre ressurser i Rogaland Revisjon blir brukt. Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering er 240 timer.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	11.11.24	28/24
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

MØTEPLAN FOR 2025

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

måndag 17. februar, 19. mai, 16. juni, 22. september og 17. november kl. 14.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Saksorientering

I framlegg til møteplan for 2025 er det sett opp fem møte, slik som tidlegare år. Møtedag og møtetidspunkt blir vidareført, med møtedag på måndagar. Og med møtestart kl. 14.00.

Møta er opne for publikum og presse, og datoane skal gjerast kjent på kommunen si nettside. Det er difor viktig at møteplanen vert halden.

Første møte på nyåret vil årsmeldinga bli sett på sakslista. I møtet i mai vil kontrollutvalet handsame kommunen sin årsrekneskap og revisor si forenkla etterlevingskontroll. Til hausten vil budsjettframlegg, revisjonsstrategi, egenerklæring og møteplan bli handsama.

Det er mogeleg å ha ekstramøte dersom det vert naudsynt.

Aksdal, 04.11.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	11.11.24	29/24
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		033

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 22 – 28 til orientering.

Vedlegg:

- 22. Statusrapport pr. november 2024
- 23. KST-vedtak 30.09.24 – forvaltningsrevisjonsrapport «Pleie og omsorg»
- 24. KST-vedtak 30.09.24 – Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- 25. Protokoll frå ekstraordinært møte i Haugalandsrådet 07.10.24
- 26. Protokoll frå møte i Haugalandsrådet 25.10.24
- 27. Innkalling til rep. møte i Haugaland brann og redning 08.11.24
- 28. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29-30. januar 2025 på Gardermoen

Saksorientering:

Vedlagt følger dei opplista tema (brev, melding og liknande) til kontrollutvalet til orientering.

Aksdal, 04.11.24

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio kontroll- og kvalitetsutval

Statusoversikt november 2024

Saker frå bestilling til behandling i kontroll- og kvalitetsutvalet

Tema	Bestilling	Tidsbruk	Status	Ferdig	Merknader
Plan og byggsak	05.02.24	250 timar	Bestilt frå revisor	Våren 2025	
Tildeling av helse- og omsorgstjenester	11.11.24	240 timar	Bestilt frå revisor	Hausten 2025	

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i utvalet

Forvaltningsrevisjon/ eigarskapskontroll	Bestilt	Hand- saming i KKU	Hand- saming i KST	Oppfølging i KKU/KST	Merknader
Pleie og omsorg	30.01.23	17.06.24	30.09.24	Mai 2025	250 timar

Avslutta prosjekt

Tema	Bestilt	Behandla i KKU	Behandla i KST	Fylgt opp KKU/KST	Merknader
ROV og planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	21.11.23	17.06.24/ 09.09.24	30.09.24		115 timar
Planarbeid	31.01.22	30.01.23	20.02.23	19.09.23/ 06.11.23	
Tilpassa opplæring og spes. undervisning	15.02.21	27.09.21	01.11.21	20.06.22/ 26.09.22	Deloitte AS
Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS)	04.05.20,	03.05.21,	14.06.21,	13.12.21	Fellesprosjekt KPMG AS

ORIENTERINGAR

Tema	Bestilt	Møtedato	Merknad	Deltakar
Administrasjonen	05.02.24	06.05.24		
Skule, oppvekst og kultur	05.02.24	09.09.24		
Utvikling	05.02.24	11.11.24		
Helse og omsorg	05.02.24	1. møte 2025		
Økonomiavd.	05.02.24	2. møte 2025		
Personalavd.	05.02.24	3. møte 2025		
IKT-avdelinga	05.02.24	4. møte 2025		

075/24 Forvaltningsrevisjonsrapport – Pleie og omsorg

Kontroll- og kvalitetsutvalet si tilråding til kommunestyret:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Pleie og omsorg» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

30.09.2024 Kommunestyret

Behandling

Kjartan Moe Hustvedt (MDG), leiar i kontroll- og kvalitetsutvalet presenterte kort arbeidet med forvaltningsrevisjonsrapporten.

Protokolltilførsel frå Arne Valen (Sp):

1. Det er kritikkverdig at Rogaland revisjon leverer forvaltningsrevisjonsrapporten "Pleie og omsorg" eit halvt år på overtid.
2. Det er kritikkverdig at Rogaland revisjon ikkje har inkludert intervju med verneombod og pårøranderepresentant innafor budsjett slik kontroll- og kvalitetsutvalet bad om i innspel til mandatet.

Røysting: Samrøystes som kontroll- og kvalitetsutvalet si tilråding.

KOM - 075/24 Vedtak:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Pleie og omsorg» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert sendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 8 tilrådingar.
3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

079/24 Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Kontroll- og kvalitetsutvalet si tilråding til kommunestyret:

1. Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024–2028 slik den ligg føre.
2. Sveio kommunestyre gir kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4.

30.09.2024 Kommunestyret

Behandling

Kjartan Moe Hustvedt (MDG), leiar i kontroll- og kvalitetsutvalet, presenterte saka kort.
Røysting: Samrøystes som kontroll- og kvalitetsutvalet si tilråding.

KOM - 079/24 Vedtak:

1. Sveio kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2024–2028 slik den ligg føre.
2. Sveio kommunestyre gir kontroll- og kvalitetsutvalet delegert mynde til å gjera endringar i planen i samsvar med kommunelova §§ 23-3 og 23-4

Protokoll

HAUGALANDSRÅDET

DATO: mandag 7. oktober 2024

TID: 16.00-17.30

STED: Haugaland Vekst, Øvregata 126, Haugesund

TIL STADES

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, May Synnøve Rygh, Vibeke Vikse Johnsen
Haugesund kommune:	Nils Konrad Bua, Gunn Margot Bendiksen
Tysvær kommune:	Monika Lindanger, Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning, Tommy René Stordal
Bokn kommune:	Egil Våge
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Ingunn Toft
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal
Suldal kommune:	
Sauda kommune:	Paul Løyning, Vegard Thise
Etne kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Rogaland fylkeskommune:	Svein Erik Indbjo
Stortingpolitikere:	Terje Halleland, Tor Inge Eidesen, Tove Elise Madland, Sveinung Stensland
Andre:	Gunnar Yttri (rektor, HVL), Anders Hovland (adm.dir. Helse Fonna), Petter Steen (styreleiar Helse Fonna), Lene Brekke (fagsjef, Revmatismesjukehuset)
Administrasjonen:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad

SAKSLISTE

Sak 1: Vestlandslegen

Nestleieren i rådet Marte Eide Klovning orienterte om bakgrunnen for saka. Vestlandslegen er ein ny studiemodell i medisin og ei viktig distriktspolitisk sak, ettersom det er mangel på legar i heile regionen og legane ofte buset seg der dei studerer. Det kom overraskande på heile rådet at Førde skulle prioriterast over Haugesund når det gjeld etablering av studieplassar. Dette kjem fram i regjeringa sin nye opptappingsplan for studieplassar innan medisin, helsefag, sjukepleie og psykologi. Klovning påpeika at dette er andre gongen på kort tid at Haugalandet blir nedprioritert i viktige nasjonale tildelingssaker, med referanse til sak 2 på agendaen – Nasjonalt senter for yrkesfag.

Både sekretariatet og Helse Fonna fekk ordet og orienterte om saka. Vestlandslegen er noko rådet og regionen har jobba for lenge, saman med Helse Fonna og HVL. I den opphavlege framdriftsplanen for utrullinga av den nye studiemodellen var Helse Fonna prioritert med oppstart i 2026 og dei første studentane inne i 2029. Det er estimert 25 plassar til Helse Fonna – til ei kvar tid 75 studentar i praksis her. Helse Fonna har med utgangspunkt i den kommuniserte opptappingsplanen jobba over lengre tid med å førebu seg på å ta imot studentane. Naudsynt kompetanseheving på undervising pågår – tid investert på bekostning av pasientane.

Adm.dir i Helse Fonna, Anders Hovland, kalla dette samarbeidsprosjektet for «ekstremt strategisk viktig for legerekruttering», som er ei stor utfordring, både for Helse Fonna og for kommunane i regionen. Legestudentane er også heilt avgjerande for akuttberedskapen i Helse Fonna og strategisk viktig for HVL. Han takka for den regionale støtta i saka. Styreleiar Petter Steen i Helse Fonna bad om at dette ikkje blir ein kamp mellom Helse Fonna og Helse Førde, men la til at regionen har alle føresetnader for å bli eit helsefagleg kraftsenter og må jobba ilag for å byggja den kritiske infrastrukturen som legane representerer og «ikkje bli hengande i limbo». Steen avslutta med ei oppmoding til Haugesund kommune om å ha ein god plan for utbygging av sentrale studentbustader i samarbeid med studentsamskipnaden.

Ifølgje HVL-rektor Gunnar Yttri har høgskulen alltid vore positive til Vestlandslegen, men ikkje hatt sterke synspunkt på rekkjefølgja i opptrappingsplanen. Til tross for det, hadde også Yttri hadde oppfatta at Helse Fonna stod først i køen og gav uttrykk for at det er viktig at ein kjem raskt i gang i Haugesund.

Kommunedirektør Vegard Thise i Sauda tok opp viktigheita av lokal tilhøyre for å få legar til å etablera seg i kommunane på Haugalandet. LIS-legar utgjør om lag 25 prosent av legedekninga på legekontora i Sauda. Legemangelen er kostbar, det blir ein lønsspiral som ikkje er berekraftig for kommuneøkonomien. Kommunedirektør Ole Bernt Thorbjørnsen i Haugesund kommune bad om at ein lagar ein strategi og politisk trykk for å sørgja for at Helse Fonna og denne regionen blir løfta fram og prioritert på generelt grunnlag – på ein konstruktiv måte.

Rådsmedlemmene og møtedeltakarane diskuterte ulike aspekt ved saka, viktigheita av å stå på prioriteringslista og konsekvensane av å falla utanfor. Det blei stilt spørsmål ved om kvifor Førde blei framskunda til ulempe for Helse Fonna. Konklusjonen var at dette handlar om å vera frampå, både som ordførarar og som stortingspolitikarar.

Sveinung Stensland påpeika at denne saka berre kan handsamast i budsjettforhandlingane. Hovudskytsen må leggest inn mot dei personane frå regjeringspartia og frå SV som skal delta i forhandlingsrommet. Dei oppmoda rådet til å ta kontakt med Ingrid Fiskaaen, det er SV som sit med nøkkelen. Tor Inge Eidesen og Tove Elise Madland er viktige støttespelarar. I tillegg til å nytta tida ein får tildelt i høyringar godt, er det viktig å gjera jobben i forkant opp mot politikarar og statssekretærar. Rådet må ta i bruk konstruktive og gyldige argument, som at Helse Fonna og HVL har lagt ned mykje arbeid og store ressursar i å kunne ta imot legestudentar basert på den planen som var lagt fram. Det er dårleg samfunnsøkonomi å forsera nokon som ikkje har begynt å førebu seg, til ulempe for dei som har gjort det.

Både Stensland og Terje Halleland presiserte at det er større sannsyn for å få innpass i høyringar som samarbeidsorgan/interkommunale selskap enn som enkeltstående kommunar. Høyringar er ikkje i utgangspunktet for folkevalde organ, dei bør bruka partilinja. Komiteleinga har siste ordet ang kven som slepp til i ei høyring.

Tove Elise Madland har både hatt dialog med ministeren for høgare utdanning, Oddmund Hoel, og med Jan Christian Vestre om saka. Det er Hoel som har ansvaret for saka. Madland forsikra rådet om at programmet *skal* vidareførast, med hovudvekt på Stavanger, Haugesund og Førde.

Statssekretæren i departement for høgare utdanning har gitt lovnad om å ta imot ein eventuell delegasjon frå Haugalandet til Oslo.

Vedtak: Sekretariatet melder rådet på høyring i komiteen for forskning og høgare utdanning den 23. og 24.oktober. Påmeldingsfristen er 11.oktober kl. 09.00. Sekretariatet tek utgangspunkt i det som står i statsbudsjettet om opptrappingsplan for studieplassar innan medisin m.m. Rådet utarbeidar faktaark/talepunkt. Dei som reiser på høyring er: Leiv Arne Marhaug, Ole Johan Vierdal, Marte Eide Klovning og Egil Våge. Rådet planlegg også å reisa til Oslo for å jobba politisk med saka i forkant av høyringane.

Sak 2: Nasjonalt senter for yrkesfag

Senteret blei nyleg tildelt Molde. Dette kom overraskande på regionen og fylket. Sekretariatet føreslår, som det nest beste alternativet til ei tildeling til vår region, å ta kontakt med Utdanningsdirektoratet og med Molde for å invitera til samarbeid der Haugalandet kan bidra inn med sine yrkesfaglege styrkar. Sekretariatet tilbyr seg å organisera ein delegasjonstur til Molde for rådet.

Det var semje i rådet om at sentrale styresmakter må få tilbakemelding på ein uføreseieleg prosess med uklare tildelingskriterium. Både Terje Halleland og Tor Inge Eidesen problematiserte samstundes at fylket ikkje har vore tydeleg nok på lokasjon i arbeidet med å få senteret til Rogaland og at både fylket og regionen må trekkja lærdom av dette. Eidesen blei sjølv overraska over tildelinga av senteret til Molde og forsikra rådet om at saka straks blei løfta opp på aller høgaste politiske nivå

Sak 3: Statsbudsjettet og budsjett høyringar

Det var ingen innspel til saka utover det som blei diskutert og vedteke i sak 1 og 2.

Sak 4: Eventuelt

Varaordførar May Synnøve Rygh i Karmøy kommune tok opp risikoen for nedlegging av vernepleiarutdanninga i Haugesund. Konsekvensen blir ifølgje Rygh tap av 50 studentar i året og verdifull kompetanse. Endra finansieringsmodell og reduksjon i midlar i høgare utdanning råkar HVL hardt. HVL-rektor Gunnar Yttri orienterte om at fleire utdanningsmodellar må kritisk vurderast fordi høgskulen er pressa på ressursar.

Kopi: Kontrollutvalssekretariatet

Protokoll

HAUGALANDSRÅDET 5/24

DATO: fredag 25. oktober 2024

TID: 09.00-14.30

STED: Haugesund Stadion

TIL STADES

Karmøy kommune:	Leiv Arne Marhaug, Vibeke Vikse Johnsen
Haugesund kommune:	Annette Sæther
Tysvær kommune:	Monika Lindanger (Teams), Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning, Tommy René Stordal
Bokn kommune:	Egil Våge, Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	André Mundal Haukås, Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal, Yngve Folven Bergesen
Suldal kommune:	-
Sauda kommune:	Håvard Handeland, Aina Olene Tveit
Etne kommune:	Filippo Ballarin
Rogaland fylkeskommune:	-
Administrasjonen:	Sigmund Lier, Gunn Evy Auestad, Rita Leinan, Tora Margrethe Eide
Andre:	Tore Lillenes, Bernt Jæger, Martin Fauskanger, Leif Birkeland, Trude Frøyland, Anne Kristin Helgeland, Rikke Lønning, Laura Tolnov Clausen, Mikaela Vasstrøm, Patrick Kolstad

Velg et element.

SAKSLISTE

FK Haugesund v/ Martin Fauskanger og Leif Birkeland orienterte om klubben og samfunnsarbeidet dei gjer. Klubben oppmoda kommunane til å bli samarbeidspartnarar i dei ulike samfunnstiltaka dei jobbar med.

Rådsleiar og sekretariatsleiar informerte om at rådet har fått møte i Oslo den 11.nov. med statsråden for høgare utdanning ang. Vestlandslegen.

Sak 50-24 Godkjenning av innkalling
Vedtak: Innkallinga blei godkjent.

Sak 51-24 Godkjenning av protokoll frå møtet 12.september og ekstraordinært møte den 7.oktober
Vedtak: Protokollane blei godkjende.

Sak 52-24 Møteplan for 2025

Sekretariatet orienterte om det framlagte forslaget til møteplan for rådet og AU i 2025. AU ønskjer hyppigare møte enn tidlegare og hyppigare turar til Oslo der representantar frå rådet reiser med ein spissa agenda, framfor éin årleg Oslo-tur for rådet samla sett. AU påpeika at me må prøva å vera meir i forkant når det gjeld politisk påverknad. Rådet diskuterte korleis ein skal gjera dette framover. Rådet ønskjer å halda fram med fellestur til Oslo i tillegg til å reisa på enkeltsaker.

André Mundal Haukås påpeika at nokre av dei føreslegne datoane for rådsmøte krasjar med Sunnhordlandsrådet sine møtedatoar og med beredskapsmøte i Haugesund rådhus.

Vedtak: Rådet vedtok det framlagte forslaget til møteplan for rådet og AU i 2025. AU vurderer i etterkant eventuelle justeringar av datoane 7.februar og 13.juni og finn dato for fellestur til Oslo.

Sak 54-24 Orientering om drifta ved Haugesund Lufthavn, Karmøy

Dagleg leiar Tore Lillenes orienterte om driftssituasjonen ved flyplassen. Lufthavndrift AS overtok operatøransvar og drift frå Avinor i 2019 (tenestekonsesjonsavtale). Etter 2020 har målet vore å gjenoppretta rutene som flyplassen hadde i forkant av pandemien. Reisevanane har endra seg og bransjen har gått frå ein kamp om marknadsandelar til ein kamp om å overleva.

Trafikken ved Haugesund Lufthavn er i dag nær tilbake på 2019-nivå og ein har lukkast med 20 pst. kostnadskutt i drift på flyplassen. Flyplassen går likevel 20 millionar kroner i minus i 2024. Utfordringane med drifta skuldast mellom anna at trafikknivået ikkje er oppe på venta 2024-nivå, inntektene frå taxfree har gått dramatisk ned, avgiftsinntekta per passasjer har gått ned og husleiga til Avinor har auka betydeleg.

Flyplassen er viktig for attraktiviteten til regionen: tilgang på arbeidskraft, konkurransekraft og tilflytting. Det er ifølgje Lillenes heilt naudsynt at Haugalandet drifter flyplassen og har direkte kontakt med flyselskapa for å oppretthalda og vidareutvikla flytilbodet. Flyplassen treng støtte til beredskap, investeringar, lånevilkår og ruteutvikling. Flyplassen har ei beredskapsteneste med ambulanse som kostar 5 millionar kroner årleg og har behov for støtte til å dekkja denne kostnaden. Rullebanen må reasfalterast i 2025, noko som vil ha ein kostnad på 40-70 millionar kroner. Dette er ifølgje Lillenes ekstremt tøffe kostnader å ta for lokale eigarar. Selskapet har hatt møte med departement og Avinor i forkant av framlegginga av statsbudsjettet. men opplever ikkje å få gjennomslag der. Lillenes bad rådet om politisk bistand til å vinna fram hos nasjonale styresmakter.

Sigmund Lier informerte om at ein delegasjon frå rådet og sekretariatet reiser til Oslo den 11.november og planlegg møte om flyplassen med leiar av samferdslekomiteen på Stortinget, Sigbjørn Gjelsvik.

Eventuelt: Ruteutvikling med midlar frå rådet sitt fond

Leiv Arne Marhaug bad om sak i neste rådsmøte ang. bruk av midlar frå Haugalandsrådet sitt fond til ruteutvikling på Haugesund Lufthavn. Sekretariatet opplyste om at det i dag står 2,5 millionar kroner i fondet og at eit slikt føremål vil vera i tråd med vedtektene for fondet. Ifølgje vedtektene skal midlane *ikkje* brukast til drift og ein kan maksimalt ta ut 500.000 kr årleg.

Vedtak: Sekretariatet førebur sak til neste rådsmøte.

Sak 53-24

Orientering om verkemiddelapparatet for næringsutvikling

Rogaland fylkeskommune v/ Trude Frøyland orienterte om ulike ordningar i fylket og oppmoda Nord-fylket til å bli flinkare til å søkja om midlar, særleg i FORREGION-prosjektet. I tillegg til økonomiske verkemidlar, kan fylket tilby opplærings- og rådgjevingstenester som EU-rådgjeving og oppstartshjelp for gründerar gjennom SKAPE.

Rogaland ressurscenter v/ Anne Kristin Helgeland informerte om selskapet sitt arbeid. Selskapet er eit nasjonalt høgt rangert innovasjonsselskap og deltek mellom anna i det nasjonale Næringshageprogrammet, som 100 bedrifter i fem av kommunane i regionen er med i. Dei siste par åra har selskapet brukt mykje tid på prosjektet «Sirkulære Husøy».

Validé v/ Rikke Lønning informerte om sitt nonprofit-arbeid med å byggja opp nye vekstbedrifter. Selskapet får driftsfinansiering frå SIVA og tilskot frå fylket og frå lokale kommunar. Selskapet er først og framst ein inkubator som tilbyr rådgjeving, kompetanseheving, nettverk og kapital.

Sak 55-24

Orienteringssak: Windreg

UiA v/ forskarane Laura Tolnov Clausen og Mikaela Vasstrøm orienterte om havvindprosjektet Windreg og samarbeid med Haugaland Vekst. Prosjektet utforskar moglegheiter for rettferdig regional energiomstilling i havvindutvikling i Noreg, med Agderregionen som hovudcase. Utsira er eit av fleire læringscase i prosjektet. Haugalandet er generelt interessant som forskings- og samskapingsscase fordi regionen har jobba saman om havvind over lang tid. Utsira Nord er dessutan eit flytande havvindprosjekt som vil krevja teknologiutvikling, innovasjon og samarbeid på eit heilt anna nivå enn for Sørlege Nordsjø II.

Prosjektet er NFR-finansiert og skal utforska nye perspektiv på planlegging, styring og økonomiske fordelingsmodellar for å mogleggjera rettferdig regional energitransisjon. Bakgrunnen for prosjektet: klimakrise, forsyningskrise. Landvindprosessen har ikkje vore optimal, det er behov for å læra slik at havvindprosessen kan bli betre.

Sak 56-24

Orientering frå samferdslegruppa v/ Ole Johan Vierdal

I møte med Sigbjørn Gjelsvik i Oslo den 11.november vil gruppa ta opp kolonnekøyring over Haukeli og flyplassen sine utfordringar.

Gruppa har månadlege møte med Haukelivegen AS.

Hordfast skal ha møte i Bergen den 3.des om ny organisering av Hordfast og prøver å verva nye medlemmer. André Mundal Haukås deltek på møtet.

Det er også planar om deltaking på Veikonferanse på Notodden den 29.november.

Sak 57-24

Orientering frå energigruppa

v/ Monika Lindanger

Gruppa er i startfasen og har hatt eit kort Teams-møte der det var semje om å laga ein strategi for politisk påverknad opp mot nasjonale styresmakter. Gruppa jobbar også med

å få oversikt over relevante nettverk og møteplassar der rådet bør vera representerte og vil be om bistand frå sekretariatet til dette.

Dialogmøte om områdeplan for Sør-Rogaland og Agder blir lagt fram 31.oktober på Clarion Hotel Energy. Lindanger er forhindra frå å delta på møtet, men rådet bør vera til stades.

Andre aktuelle saker:

- Fellesmøte 7.november med Statkraft.
- Sauda - Blåfalli er sendt på høyring med høyringsfrist 16. januar 2025
- Sauda - Gismarvik mld sendt NVE i juni. Veldig lang handsamingstid hos NVE 12-15 mnd.
- Equinor har valt å bruka Gulen hamn dersom dei får konsesjon på Utsira Nord.

Sak 58-24 Nytt frå Stortinget

Saka utgjekk pga forfall.

Kopi: Kontrollutvalssekretariatet



Haugaland brann og redning iks

Møteinnkalling

for

representantskapet for Haugaland brann og redning iks

Møtestad: Tysvær kommunehus

Møtedato: 08.11.2024

Tid: 09⁰⁰-12⁰⁰

Ved forfall skal varamedlem møte. Dersom ikkje medlem eller varamedlem kan møte, skal dette meldast brannsjef.

SAKSLISTE

Sak nr	Tittel	Saksbehandling
24/012	Godkjenning av innkalling og saksliste	Vedtak
24/013	Orienteringssaker - Haugaland brann og redning iks	Orientering
24/014	Budsjett 2025 med økonomiplan 2025-2028	Vedtak
24/015	Beredskapsanalyse trinn 2	Vedtak
24/016	Avtale om uttrede mellom Sveio kommune og Haugaland brann og redning iks	Vedtak

Stad: Haugesund

Dato: 09.10.2024

Dag Botnen
brannsjef

NKRFs Kontrollutvalgskonferanse 2025

[Tilbake til kursoversikten](#)

Nøkkelfinfo

Fra/til	29.1—30.1
Påmeldingsfrist	17.12
Pris	Fastsettes senere
Sted	Clarion Hotel & Congress Oslo Airport, Gardermoen
Varighet	29.1.: 10.00 - 17.00 30.1.: 09.00 - 13.00

Vi har gleden av å invitere til NKRFs 21. Kontrollutvalgskonferanse 29. - 30. januar 2025, og som vanlig i The Qube på Gardermoen.

Fra den første konferansen i 2005 med ca. 300 deltakere har dette årlige arrangementet vokst betydelig og etablert seg som det viktigste og største treffpunktet for kontrollutvalgene i kommunal sektor. Deltakerrekorden er fra 2020 med ca. 800 deltakere. I 2024 var det over 650 påmeldte fra hele landet.

Målgruppe

Ledere og medlemmer av kontrollutvalg, kontrollutvalgssekretærer, revisorer, ordførere, kommunedirektører og ellers alle med interesse for kontroll, revisjon og tilsyn i kommunal sektor.